



<b>Dokumenttype:</b>	<b>Forfatter:</b>	<b>Godkjennar:</b>	<b>Ansvarleg eining:</b>
Retningsline	Unni Sande	Stein Helle	Askvollheimen
<b>Dokumentnummer:</b>	<b>Versjon:</b>	<b>Godkjent dato:</b>	
RMKS-1324998545-1059	1.0	16.12.2021	

## Tildelingskriterier støttekontakt / treningskontakt

<b>Tenesteskildring:</b>	<p>Ein støttekontakt hjelper ein annan person til ei meir meningsfull fritid gjennom sosialt samvær og ulike aktivitetar. Dersom ein person ikkje klarer å delta i fritidsaktivitetar, eller på sosiale arenaer sjølv, kan ein støttekontakt hjelpe med dette. Treningskontakt er aktuelt når ein person treng hjelp til å kome i fysisk aktivitet.</p> <p>Tenesta kan organiserast som eit individuelt tilrettelagt tilbod, eller med deltaking i ei gruppe. Tenesta kan og ytast i samarbeid med frivillige organisasjonar.</p>
<b>Lovgrunnlag:</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Pasient- og brukarrettslova § 2-1 a, andre ledd.</li><li>• Helse- og omsorgstenestelova §§ 3-1 og 3-2 fyrste ledd nr. 6, bokstav b.</li></ul>
<b>Mål for tenesta:</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Bidra til ei meningsfull fritid, og sosial deltaking med andre.</li><li>• Bidra til å danne sosialt nettverk.</li><li>• Bidra til at tenestemottakar vert tryggare på seg sjølv, og omgå andre menneske i større grad.</li><li>• Yte hjelp til deltaking i ulike fritidsaktivitetar.</li><li>• Bryte eller hindre sosial isolasjon og einsemd.</li></ul>
<b>Tildelingskriterier :</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Søkjar må sjølv ynskje tenesta.</li><li>• Søkjar må på grunn av sjukdom, skade, liding eller nedsett funksjonsevne ha behov for personleg hjelp og støtte til sosial deltaking, og/eller til å meistre ulike fritidsaktivitetar.</li><li>• Tenesta skal vere hensiktsmessig i høve til om det er andre tenester som kan bidra til større eigenmeistering på sikt.</li><li>• Tenesta skal vere forsvarleg. Her må ein vurdere risiko for vald, utagering eller andre skadelege hendingar, og kva for kompetanse som trengs for å hjelpe søkerar.</li></ul>
<b>Søkjjarar som ikkje vert prioritert:</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• På bakgrunn av føresette sitt omsorgsansvar, og plikt til å bidra, vert det ikkje tildelt støtte- eller treningskontakt til barn under 10 år.</li><li>• Det vert ikkje tildelt støtte- eller treningskontakt til personar som har langtidsopphald i institusjon eller bufellesskap på Askvollheimen.</li><li>• Personar som har nettverk av familie og vener som kan vere til hjelp, vert ikkje prioritert.</li></ul>
<b>Oppgåver som tenesta ikkje inkluderer:</b>	<p>Det vert ikkje ytt støttekontakt til følgjande aktivitetar eller oppgåver:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Transport til og frå behandling, tannlege, lege, fysioterapi, frisør, mm.</li><li>• Kvardagshandling.</li><li>• Praktisk bistand i heimen.</li><li>• Leksehjelp.</li><li>• Som erstatning for skulefritidsordning.</li></ul>
<b>Eigenandel:</b>	Det kan ikkje krevjast eigenandel for støttekontakt.
<b>Andre opplysningar:</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Tenestemottakar må sjølv dekke eigne kostnadar til aktivitetar, til dømes kinobillett, kafé, medlemskontingent/treningsabonnement.</li><li>• Det kan vere aktuelt for kommunen å krevje at tenestemottakar søker om følgjekort.</li><li>• Eventuell køyregodtgjersle og utgiftsdekning til støttekontakten følgjer av enkeltvedtaket til tenestebrukaren, og vurderast individuelt.</li><li>• Dersom brukarar av tenesta får langtidsopphald i institusjon, eller får bufellesskaps plass, vert støtte- eller treningskontakt avslutta.</li><li>• Nær familie vert ikkje engasjert som støttekontakt for sine (foreldre, svigerforeldre, born, svigerborn, barnebarn, sysken, ektefelle/sambuar, eller tilsvarande til desse).</li></ul>